

Handlingsplan for forskning 2024-2025

Overordna mål: Langsiktig og nyskapande forskning

Fakultetet skal i strategiperioden 2023-2030 styrke forskinga på grunnleggjande utfordringar i rettssystemet og tidsaktuelle problemstillingar i samfunnet. Forskinga skal vere orientert mot den internasjonale forskingsfronten, skje over tradisjonelle disiplingrenser i rettsvitenskapen og i dialog med andre vitenskapsdisiplinar og samfunnssektorar.

Handlingsplanen for forskning er eit verkemiddel for å nå fakultetet sine strategiske mål. Planen er forankra i fakultetet sin strategi for perioden 2023-2030 *Rettsvitenskap i front*, vedteke av fakultetsstyret 13.06.2023 (styresak 59/23). Handlingsplanen skal vere retningsgivande for fakultetet sitt arbeid med å leggje til rette for høg kvalitet i forskning, forskingsformidling og rekruttering til vitenskaplege stillingar i perioden 2024-2025. Synleggjering av rettsvitenskapens posisjon som bidragsytar til dei globale berekraftsmåla (SDG) skal vere sentralt i dette arbeidet.

Korleis lese handlingsplanen

Delmål og aktivitetane som er identifisert i handlingsplanen skal vere dei første stega mot å nå det overordna strategiske målet om å utvikle langsiktig og nyskapande rettsvitenskap i den internasjonale forskingsfronten. Fakultetet vil ikkje utvikle eigne handlingsplanar for internasjonalisering, rekruttering, mangfald- og likestilling og formidling for perioden 2024-2025. Delmål og aktivitetar i handlingsplanen for forskning skal såleis også sikre strategisk framdrift på desse felta. Satsingsområda A-F i handlingsplanen reflekterer det samansette siktemålet:

- A: Solide miljø for framifrå forskning
- B: Målretta rekruttering
- C: Sterk kopling mellom forskning og utdanning
- D: Internasjonalt samarbeid og posisjonering
- E: Mangfald i perspektiv og personale
- F: Vitenskapleg publisering og samfunnsdialog

Handlingsplan for forskning 2023-2030

A: Solide miljø for framifrå forskning

Delmål	Aktivitet	Ansvarleg
Utvikle dei tre faglege tyngdepunkta i strategien:	Forskingsadministrativ støtte til etablering, nettverksbygging og organisering av sterke fagmiljø	Prodekan for forskning / forskingsadministrasjonen
<i>Klima- og energirett</i>	Sikre tilgang på stipend for forskarlinjekandidatar og ph.d.-kandidatar innan tyngdepunkta	Prodekan for forskning
<i>Rettsstat og internasjonalt rettssamarbeid</i>	Samarbeide med klyngene og dei strategiske satsingsområda ved UiB	Visedekan for forskingsleiing og innovasjon
<i>Rammevilkår for næringsverksemd og nyskaping</i>	Sikre grunnlaget for utviklinga av eit senter i Klima- og energirett	Prodekan for forskning

Styrke sårbare rettsvitskaplege miljø	Identifisere sårbare fagmiljø og nytte økonomiske og institusjonelle verkemiddel for å sikre rekruttering til dei sårbare miljøa	Prodekan for forskning / forskingsadministrasjonen
	Kartleggje korleis forskargruppestrukturen frå 2022 tener desse fagmiljøa og om det er behov for strukturelle endringar	Prodekan for forskning / forskingsadministrasjonen
	Vektlegge juridiske grunnproblem i nye satsingar	Prodekan for forskning
	Forskningsadministrativ støtte til nettverksbygging	Forskningsadministrasjonen
Styrke kompetansen i forskings- og prosjektleiing	Sikre fakultetets tilsette eit tilbod om opplæring i prosjektleiing	Visedekan for forskingsleiing og innovasjon
	Klargjere og styrke rolla som forskargruppeleiar	
	Arbeide systematisk med rolleforståing og samhandling mellom leiing og ulike grupper i organisasjonen	
Auke kvaliteten og tilslag på søknadar om eksternfinansiering	Årvisse kurs i søknadsutvikling med fokus på kvalitet i søknadsteksten	Prodekan for forskning / forskingsadministrasjonen
	Starte arbeidet med søknadar om eksternfinansiering innanfor dei fem nettverksprosjekta	Forskningsadministrasjonen
	Utvikle og auke kompetanse på karriereutvikling og CV-bygging	Forskningsadministrasjonen
	Inkludere forskarar som er tidleg i karrieren i søknadsutvikling	Forskargruppe- og prosjektleiarar / forskingsadministrasjonen
	Vidareutvikle kompetanse og kvalitetsheving i BOA-teamet	Fakultetsdirektør
	Arbeide strategisk for å sikre det rettsvitskaplege perspektivet i rammeprogram, porteføljor og utlysingar	Dekanatet
Styrke høg internasjonal kvalitet på forskarutdanninga	Styrke innslag av og undervising knytt til rettsvitskapens vitskapsteori i opplæringsdelen av forskarutdanninga	Ph.d.-programleiar
	Samarbeide med institusjonar nasjonalt og i Norden om kvalitetsutvikling i ph.d.-utdanninga	Ph.d.-programleiar
	Vidareutvikle faglege møteplassar for å sikre høg kvalitet i rettleiing av ph.d.-kandidatar	Ph.d.-programleiar
	Støtte opp under utviklinga av nasjonale ph.d.-kurs i nettverksprosjekta	Prodekan for forskning
Auke forståinga for rettsvitskapens sentrale rolle for innovasjon	Synleggjere juridisk innovasjon og rettsvitskapens samfunnsbidrag	Visedekan for forskingsleiing og innovasjon
	Styrke forskingsmiljøet og -innsatsen på dei regulatoriske utfordringane og moglegheitene knytt til utvikling og bruk av KI	Prodekan for forskning
	Styrke samarbeidet mellom aktuelle forskingsmiljø og studentorganisasjonen Innorett	Visedekan for forskingsleiing og innovasjon

Sikre samanhengande tid til forskning	Ta opp tid til forskning og bruk av forskingstermin i medarbeidersamtalane	Dekan
	Utarbeide utviklingsplan for postdoktorane	Visedekan for forskingsleiing og innovasjon
	Opplæring og bruk av vitenskaplege assistentar til avlastning for forskarane	Forskningsadministrasjonen
	Etablere undervisningsplan ved oppstart av ph.d.- og postdoktorprosjekt	Prodekan for forskning / visedekan for utdanning

B: Målretta rekruttering

Delmål	Aktivitet	Ansvarleg
Etablere attraktive og effektive tilsettingsprosessar og eit transparent system for opprykk i vitenskaplege stillingar	Nye rutinar for tilsetting i ph.d.- og postdoktorstillingar	Prodekan for forskning
	Oppdatere og synleggjere kriteria for vitenskaplege karrierar innan rettsvitenskap	Dekan
Fylle alle plassane i forskarlinja med dei beste studentane	Ny marknadsføringsstrategi av forskarlinja	Dekanatet / studieseksjonen
	Evaluerer og vidareutvikle forskarlinjeprogrammet	Forskarlinjeansvarleg / forskningsadministrasjonen
Styrke kompetanseprofilen til dei midlertidig tilsette	Sikre karriererettleiingsfokus i medarbeidersamtalar og i rettleiinga	Visedekan for forskingsleiing og innovasjon / prodekan for forskning / rettleiarar
	Vere i dialog med og syte for at dei sentrale kompetansehevingstiltaka ved UiB er relevante for fakultetets tilsette og vurdere behovet for eigne tiltak på fakultetet	Forskningsadministrasjonen
Sikre god integrering av midlertidig vitenskapleg tilsette i fagmiljøa	Personalansvaret for ph.d.-kandidatane og postdoktorane delast mellom prodekan og visedekan for betre oppfølging	Prodekan for forskning / visedekan for forskingsleiing og innovasjon
	Etablere gode rutinar for mottak av nye vitenskaplege medarbeidarar	Visedekan for forskingsleiing og innovasjon
	Prøveordning med «fadder» for ph.d.-kandidatar i oppstartsfasen	Ph.d.-koordinator
	Engasjere fagleg mentor for postdoktorar	Visedekan for forskingsleiing og innovasjon
	Vurdere bruk av eittårig undervisningsengasjement før eventuell stipendiatstilling	Prodekan for forskning / visedekan for utdanning

C: Kopling mellom forskning og utdanning

Delmål	Aktivitet	Ansvarleg
Inkludere studentane i forskarfellesskapen og gje dei innsikt i vitenskapleg arbeidsmåte og i forskarkvardagen	Informasjon om forskarlinja tidleg i studiet	Prodekan for forskning / forskarlinjeleiar
	Synleggjere forskinga ved fakultetet tidleg i studiet	Prodekan for forskning
	Vidareutvikle samarbeidet mellom forskarlinja og forskargruppene	Forskargruppeleiarar / forskarlinjeleiar

	Greie ut nytt valemne på 3. studieår for å bygge forskarkompetanse knytt til pågåande forskingsprosjekt ved fakultetet ("forskarlinje light")	Prodekan for forskning / visedekan for utdanning
	Prøveordning med bruk av studentar på 2. studieår som vitskapeleg assistentar over lengre periodar	Forskningsadministrasjonen
Nytte utdanningsaktiviteten for å styrke forskingsmiljøa	Trekke vekslar på det internasjonale nettverket på utdanningssida i oppbygginga av forskingsnettverk	Prodekan for forskning / visedekan for utdanning
	Utvikle rutine for å identifisere undervisningsrelevans i prosjektsøknadar	Forskningsadministrasjonen
	Utvikle ein søknad om forskingsbasert undervisning	Forskningsadministrasjonen / studieadministrasjonen
Fremje forståinga av forskningsetikk og fagleg integritet	Informere om og iverksette veileder om institusjonenes ansvar for studentar og tilsette	Prodekan for forskning / visedekan for utdanning
	Oppstart for det nye redelighetsutvalget ved fakultetet	Prodekan for forskning

D: Internasjonalt samarbeid og posisjonering

Delmål	Aktivitet	Ansvarleg
Utvikle internasjonale nettverk	Gjennomføre aktivitetar og reiser i dei innvilga nettverksprosjekta	Prodekan for forskning / nettverksprosjektleiarar
	Legge til rette for forskingsopphald for ph.d.-kandidatar og postdoktorar	Prodekan for forskning
	Auke deltaking på internasjonale konferansar med presentasjon, særleg for forskarar i tidleg karriere	Prodekan for forskning / visedekan for forskingsleiing og innovasjon
Styrke fakultetet som internasjonal arena	Utvikle rutine for mottak av vitskapeleg tilsette utan eit skandinavisk språk som morsmål	Visedekan for forskingsleiing og innovasjon
	Strategisk tilknytning av internasjonale forskarar i II-stilling	Prodekan for forskning
	Etablere faste faglege møteplassar der det nyttast engelsk	
	Inkludere internasjonale medarbeidarar og gjesteforskarar i fagmiljøa	Forskargruppeleiarar / prosjektleiarar
	Utvikle nettside for internasjonale forskarar og samarbeidspartnarar	Forskningsadministrasjonen / DLF

E: Mangfald i perspektiv og personale

Delmål	Aktivitet	Ansvarleg
Følgje opp UiB sin handlingsplan for mangfald, inkludering og likestilling 2023 - 2025	Planmessig arbeid for kjønnsbalanse og inkludering av grupper omfatta av diskrimineringslovverket innanfor personale generelt og forskingsleiing spesielt	Dekanatet
	Sette mangfald på agendaen blant studentar og tilsette	Dekanatet
Kunnskapsutvikling om mangfald i rettsvitskapeleg forskning	Internprodusert kunnskapsrapport for å identifisere korleis vi kan forstå og auke mangfald i rettsvitskapen	Prodekan for forskning / forskningsadministrasjonen

F: Vitskapleg publisering og samfunnsdialog

Delmål	Aktivitet	Ansvarleg
Auke internasjonale publikasjonar	Kartlegge og gjere informasjon om relevante internasjonale tidsskrift tilgjengeleg for forskarane	Prodekan for forskning / forskingsadministrasjonen
	Nytte spesialutgåver i anerkjente internasjonale tidsskrift som erstatning for antologiar	Prodekan for forskning
	Greie ut moglegheita for ein brei open access publiseringskanal frå fakultetet som blant anna kanskje større merksemd om masteravhandlingar av høg kvalitet	Forskinsadministrasjonen
	Etablere samarbeid med biblioteket for støtte i publiseringsfasen	Forskinsadministrasjonen
	Vidareføre gode ordningar for språkvask	Forskinsadministrasjonen
Auke kunnskapen om ulike publiseringsformar og -moglegheiter	Kartlegge aktuelle vitskaplege tidsskrift med open tilgang med og utan publiseringsstøtte og gjere lista tilgjengeleg på wikisida	Forskinsadministrasjonen
	Vurdere ordning for publiseringsstøtte som også dekker tidsskrifta som er mest aktuelle for open publisering i rettsvitskap	Prodekan for forskning
	Sikre open tilgang til ph.d.-avhandlingar frå fakultetet	Prodekan for forskning
	Gje vitskapleg tilsette opplæring i ulike formidlingsformer og teknikkar	Kommunikasjonsrådgjevar
Styrke dialogen med politiske og rettslege institusjonar og med allmenta	Utvikle den strategiske kommunikasjonen med vekt på korleis rettsvitskapen bidrar til samfunnsutviklinga	Prodekan for forskning
	Vere til stades på sentrale arenaer for forskingsformidling	Forskargruppeleiarar / prosjektleiarar
	Innføre rutine med årleg rapport om medieinnslag og årsplan for forskingskommunikasjon på eit overordna nivå	Kommunikasjonsrådgjevar
Utvikle Dragefjellet lærings- og formidlingssenter (DLF) som ressurs for forskingsformidling	Inkludere DLF i søknadsutvikling og prosjektfase for betre integrering av innovativ forskingsformidling i forskingsprosjekta	Prodekan for forskning